

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshandsamar
UTVAL FOR PLANSAKER	06.03.2014	007/14	AK
KOMMUNESTYRET	20.03.2014	015/14	AK

Saksansv.: Arne Kringlen	Arkiv: K2-L12, K2-, GBR- Objekt:	Arkivsaknr 10/574
	Avgjerd av:	

Slutthandsaming - reguleringsplan for gang- og sykkelvegbru over Nausta i sentrum

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
12	I	18.10.2013	Multiconsult	Plankart og føresegner
5				
12	I	29.10.2013	Multiconsult	Planomtale og SOSi filer
4				

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

13	I	02.01.2014	Ellinor Friis	Høyringsuttale til reguleringsplan for gang- og sykkelbru over Nausta
3				
13	I	11.01.2014	Aud Slettehaug	Krav om gang- og sykkelveg langs eksisterande bru over riksveg 5 i Naustdal
5				
13	I	11.01.2014	Øyra / Løken nærmiljøanlegg v/Åsmund Berthelsen	Fråsegn om reguleringsplan for gang- og sykkelbru over Nausta
4				
13	I	17.01.2014	NVE region Vest	Fråsegn til offentlig høyring av reguleringsplan gang- og sykkelbru over Nausta
6				

13 7	I	23.01.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fråsegn til føreslegen detaljreguleringsplan for gang- og sykkelvegbru over Nausta i Naustdal kommune
13 8	I	31.01.2014	Ola Dag Thingnes	Innspeil til reguleringsplan
14 2	I	14.02.2014	Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavd.	Svar - Gang- og sykkelvegbru over Nausta i sentrum - reguleringsplan til første gangs høyring
14 1	I	14.02.2014	Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavd.	Retta rapport. Reguleringsplan gang- og sykkelvegbru over Nausta, Naustdal kommune
13 9	I	14.02.2014	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Svar - Gang- og sykkelvegbru over Nausta i sentrum - reguleringsplan til første gangs høyring

Saksopplysningar:

Saka gjeld slutthandsaming av framlegg til reguleringsplan for ny gangbru over Nausta, etter at saka har vore på første gangs høyring frå november 2013 til januar 2014. På slutten av høyringsperioden vart det også halde eit folkemøte med presentasjon og drøfting av planane.

Gangbru over Nausta ligg inne i gjeldande kommunedelplanen for Naustdal sentrum vedteken 1. september 2011. I samband med planarbeidet er det gjennomført skisseprosjekt for bru og laga planprogram som har vore på høyring. Deretter er sjølvje reguleringa gjennomført med konsekvensutgreiingar, grunnundersøkingar og arkeologiske registreringar våren og sommaren 2013. Brualternativa er ytterlegare detaljert gjennom eit forprosjekt.

Firmaet DOF engineers har i samarbeid med Multiconsult og i dialog med ei lokal arbeidsgruppe frå kommunen og Vegvesenet, gjennomført planarbeidet.

Grunneigarane og utval for plansaker er fortløpande haldne orienterte om framdrifta og nye opplysningar i planarbeidet. Det har og vore dialog med Statens vegvesen, fylkeskommunen og Fylkesmannen undervegs.

Det har kome 9 merknader til høyringa. Det er ikkje varsla motsegn på planarbeidet frå overordna styresmakter og difor kan kommunestyret eigengodkjenne planen.

Vurdering:

Rådmannen meiner forslaget til reguleringsplan med konsekvensutgreiing og ROS analyse er gjennomført i samsvar med godkjent planprogram, og saka vart lagt på høyring utan endringar. Til høyringa er det kome inn følgjande merknader:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet viser til tidlegare uttale: «Med omsyn til menneske med nedsett funksjonsevne ser rådet fordel med ei flat bru, i høve til bru med parti med stigning, men ser ikkje dette som avgjerande for val av alternativ. Rådet ser det elles viktig ar planprosessen vert prioritert vidare , med tanke på sikring av trygge trafikktilhøve, særleg for menneske med redusert funksjonsevne og barn og unge.»

Kommentar: Rådmannen har forståing for ynskje om ei mest mogleg flat bru og vil tilrå politikarane å velje alternativet med hengebru som gjev minst stigning. I høve trafikksikring og tilgjenge elles viser rådmannen til trafikktryggingsplanen vedteken i 2013 som prioriterer tiltak i kommunen. Det vert også vist til reguleringsplan for skuleområdet i sentrum der eit viktig tema er å sikre trygg ferdsel til og frå skulen.

Naustdal eldreråd

Rådet sitt vedtak. *«Eldrerådet har gjeve sitt syn på bruprojektet til kjenne tidlegare, m.a. basert på økonomiske vurderingar. Det var og stilt spørsmål ved kor aktuell brua ville vere for bruk av den jamne innbyggjar i Naustdal. Rådet ser om lag likeeins på bruprojektet i dag. Skal ein velje mellom dei ulike alternative bruløysingane vel ein hengebrua. Den har den fordel at ein slepp brukar midt i elva. Eldrerådet er samd i hovedmotivet for bruløysing. Trafikktryggleik i sentrum. Slik som det kan sjå ut med finansieringa kan det dra ut i tid før dette finn si løysing. Det er urimeleg å vente med tryggingstiltak i dei åra som ein har sett i spådommane, t.d. for å komme med i NTP. Det er NO det må komme tryggingstiltak. Trafikktryggleikstilhøva i sentrum vert teke opp som eiga sak i eldrerådet. Samr.»*

Kommentar: Rådmannen syner til kommentaren gjev til «Råd for menneske med nedsett funksjonsevne» sitt innspel.

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomførte kulturminneregistreringar av tiltaksområdet sommaren 2013. I samband med registreringa vart det ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne eller indikasjonar på slike. Dei ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området som søknaden gjeld. Vi ber difor om at tiltakshavar vert gjort merksam på at ein har plikt til å vise varsemnd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Kommentar: Rådmannen tek innspelet til orientering.

NVE

NVE legg vekt på at alle relevante konsekvensar av planframlegget for ålmenne interesser vert gjort greie for. Samla sett vurderer NVE at hengebru vil få minst negative konsekvensar for interesser knytt til vassdraget og tilrår å velje dette konseptet. Dei er nøgde med den planlagde høgda på brua, sett i lys av flaumsonekart og klimaendringar. Dei rår til at føresegnar fastset at brua skal ligge på pilarar og at fundament skal under bakken/senkast i elvebotnen og gjevast god hydraulisk utforming. Avbøtande tiltak bør forankrast i føresegnar.

Kommentar: Rådmannen tek innspelet til orientering og foreslår at setninga *«fundament for pilarar skal senkast i elvebotnen og gjevast god hydraulisk utforming»*, vert innarbeidd i føresegnene.

Fylkesmannen i Sogn og fjordane

Fylkesmannen meiner at påstandane i konsekvensutgreiinga om verknadene i naturreservatet frå nye fundament på elvebotnen ikkje er godt nok grunngeve. Fylkesmannen meiner ei slik løysing berre er akseptabel med fundamentet nedgreve i elvebotnen, ei løysing som på si side kan utløyse meir finsediment i anleggsperioden.

Fylkesmannen tilrår på bakgrunn av konsekvensutgreiinga at kommunen vel alternativet med hengebru.

Kommentar: Rådmannen tek innspelet til orientering. Rådmannen meiner konsekvensutgreiinga sett gjev eit godt bilde av konsekvensane av brua og meiner dei positive konsekvensane for Naustdalsamfunnet er større enn dei negative. Rådmannen meiner oppfølging av NVE sitt innspel med følgjande tillegg til føresegner «*fundament for pillarar skal senkast i elvebotnen og gjevast god hydraulisk utforming*», langt på veg kjem fylkesmannen sin merknad i møte.

Øyra/Løken nærmiljøanlegg

Utdrag frå uttalen: «*Møtet ser positivt på planane om ei gang- og sykkelvegbru tvers over Nausta til sentrum. Brua vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for nærmiljøanlegget. Tvert om vil anlegget verte tilgjengeleg for fleire. Møtet meiner også at med bru vil fleire gå til og frå sentrum, ikkje minst skulelevane. Vidare meiner vi at det også er positivt at både barnehagane og skulen lettare kan ta seg fram til og nytte nærmiljøanlegget. Vi vil også peike på at trafikktryggleiken vil verte mykje betre med denne brua.*»

Kommentar: Rådmannen tek innspelet til orientering og merkar seg særskilt argumentet om at brua vil gjere Øyra/Løken til eit nærmiljøanlegg også for sentrum i Naustdal.

Innbyggjarinitiativ v/Aud Slettehaug

Essensen i saka er at det vert sett fram krav om at kommunen legg vekk planane for ny gang- og sykkelvegbru over nausta i sentrum og startar arbeidet for ei gangbru langs eksisterande rv 5 bru. Argumenta mot den planlagde gangbrua er at den er dyr, dominerande og øydeleggande for fiske, rekreasjon, fugle og dyreliv. Den løyser heller ikkje trafikkutfordringane. Saka har i følge «*minsak.no*», fått 193 underskrifter.

Kommentar: Rådmannen syner til konsekvensutgreiinga som viser at ny gang- og sykkelvegbru over Nausta vil gi kortare og tryggare reiseveg for mjuke trafikantar og vil knyte bustadområde og sentrumsområde saman på ein heilt ny og betre måte. På negativ sida vil bru medføre varig beslag av dyrka jord, og ein mogleg negativ verknad for naturmiljøet. Det er gjort ei overordna vurdering av alternative løysingar ved gamlebrua og ved rv5 brua i samsvar med innspel til planprogrammet. Vurderinga viser at desse alternativa er relativt omfattande og kostbare, utan at dei gjev funksjonelle løysingar for mjuke trafikantar. Gangbru slik reguleringsplanen viser, er dyrare men gjev mykje større grad av trafikk sikring for mjuke trafikantar til og frå tilbod i sentrum både på dag og kveldstid. Kollektivknutepunktet i sentrum får også langt betre tilgjenge for alle brukargrupper. Rådmannen syner elles til kommunelova §39a og meiner initiativet oppfyller krava i lova og difor skal handsamast av kommunestyret.

Ellinor Friis

Som grunneigar i området gjev Friis uttrykk for motstand mot reguleringsplanen og viser til tidlegare uttale til planoppstart og planprogram. Friis oppmodar Naustdal kommune om å arbeide vidare med ei alternativ økonomisk forsvarleg trafikk-løysing ved Naustdalsneset og Gamlebrua ved Naustdalsfossen.

Kommentar: Rådmannen syner til kommentaren til innbyggjarinitiativet ovanfor.

Ola Dag Thingnes

Thingnes har levert ei kartskisse som viser ei løysing ved dagens busslomme retning Førde ved gamlebrua. Skissa viser ei trapp/rampe opp frå gangvegen til busslomma slik at vegen vert kortare og færre dermed vert frista til å kryssa rv5.

Kommentar: Rådmannen tek innspelet til orientering og syner til at Vegvesenet har starta ei utgreiing om å flytte busslommen i dette området sørover til kommunen sitt areal rett ved Bærelva, som eit tiltak for å gjere det mindre attraktivt å kryss riksvegen. Kommunen har gjeve positive signal til dette og vil spele inn også Thingnes sitt framlegg i dialogen med Vegvesenet.

Planmøte 14. januar i kommunestyresalen:

Eit tjuetals innbyggjarar møtte opp for å få meir informasjon om reguleringsplanen. Planlegging av ny gangbru over Nausta er eit prosjekt kommunen driv i samarbeid med Statens Vegvesen. På møte vart det orientert om reguleringsplan, detaljprosjektet og konsekvensanalysen. På møtet var ordføraren tydeleg på at gangbrua skal finansierast av eksterne midlar. Det er storsamfunnet sitt ansvar å betale for trafikktryggleik langs RV5. Sjølv om trafikken har auka mykje er det ikkje gjort tilstrekkelege tiltak i Naustdal Sentrum. På folkemøte kom det fram mange synspunkt omkring trafikktryggleik i sentrum. Også andre tiltak er viktig å arbeide med. Særleg var folk opptekne av strakstiltak ved Gamlebrua og at kommunen også må arbeide med tryggleik ved Naustdalsneset. Fleire meinte på møte at kommunen ikkje hadde ressursar til å realisere gangbrua på eiga hand. Det er derfor det er så viktig å arbeide for at dette kan bli ein del av Førdepakka, var politikarane sine svar til innbyggjarane. Samarbeidsforum i Sunnfjord har støtta tiltaket som ein del av Førdepakka når den skal rullerast, sa ordføraren.

Rådmannen sin oppsummering

Konsekvensutgreiinga og merknadane til høyringa gjev eit godt grunnlag å gjere eit endelege vedtak i plansaka. Rådmannen vil legge til at administrasjonen gjennom eit grundig planarbeid no har utgreidd kva som må til for å få eit godt prosjekt i brutraseen, som har vore utpeika i kommunen sine overordna planar sidan 90 talet.

Både folkemøte og innspela i høyringa viser at meiningane er delte og dei fleste motargument gjeld at løysinga er kostbar. Nokre meiner også at brua ikkje vil løyse trafikkutfordringane i sentrum slik det er tenkt. Mange meiner at brua i seg sjølv er ei svært sikker løysing for mjuke trafikkantar og at den vil binde saman sentrum på ein heilt ny og positiv måte.

Rådmannen sluttar seg til vurderingane i konsekvensutgreiinga som viser at alternative løysingar ved rv5 brua og ved gamlebrua er relativt omfattande og kostbare, utan at dei gjev fullgode løysingar for mjuke trafikkantar. Gangbru slik reguleringsplanen viser, er dyrare men gjev mykje større grad av trafikksikring for mjuke trafikkantar. I tillegg sikrar den eit meir funksjonelt sentrum, med korte avstandar til kollektivknutepunkt og servicetenester. Det har ikkje kome motsegn til reguleringsplanen og kommunestyret kan difor godkjenne planen utan endringar. På denne bakgrunn vil rådmannen tilrå at kommunestyret avviser kravet om alternativ vurdering sett fram i innbyggjarinitiativ og godkjenner reguleringsplanen slik den ligg føre, med eit tillegg til føresegnene når det gjeld utforming av fundament.

Med grunnlag i høyringa og konsekvensutgreiinga meiner rådmannen alternativet med hengebru gjev minst negative konsekvensar, er mest funksjonell i bruk og har om lag lik pris som strekkbandbrua. Rådmannen vil difor tilrå at kommunestyret peikar ut hengebru som det alternativet det skal arbeidast vidare med i prosjektet. Rådmannen vil likevel ikkje tilrå å fjerne frå føresegnene at det kan plasserast ein pillar i elva. Dette fordi ein då har med seg ein

fleksibilitet i reguleringsplanen som opnar for moglege endringar i brukonstruksjonar, sjølv om ein no vel å gå vidare med hengebrualternativet.

TILRÅDING:

Kommunestyret har i samsvar med kommunelova §39a, vurdert innbyggjarinitiativet sitt krav om å legge vekk planane for ny gang- og sykkelvegbru over Nausta i sentrum og starte arbeidet for ei gangbru langs eksisterande rv 5 bru. Kommunestyret syner til konsekvensutgreiinga og rådmannen sine vurderingar som seier at ny gangbru over Nausta i sentrum samla sett er den beste løysinga for mjuke trafikantar og avviser difor kravet i innbyggjarinitiativet.

Kommunestyret godkjenner reguleringsplan for ny gang og sykkelvegbru over Nausta i sentrum i medhald av plan og bygningslova § 12-12, med plankart og føresegner datert 18/10, planomtale med konsekvensutgreiing og ROS analyse datert 29/10 og forprosjekt datert 20/10, med følgjande tillegg til føresegner: «*fundament for pillarar skal senkast i elvebotnen og gjevast god hydraulisk utforming*».

Kommunestyret godkjenner at hengebrua vert valt til det vidare arbeidet med realisering av prosjektet.

06.03.2014 UTVAL FOR PLANSAKER

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.

SAKSORDFØRAR: Håkon Myrvang

20.03.2014 KOMMUNESTYRET

Framlegg 1 frå SV v/ Ole Erik Thingnes:

Plassering for ilandstiging på vestsida. Her må vi harmonisere løysing for mjuke trafikantar si kryssing av Bervellevegen, "kyss og køyr sone" og andre trafikantar på denne veggen. Biltrafikk og vareleveransar bør gå uhindra, og utan sjenanse for mjuke trafikantar.

Framlegg 2 frå SV v/ Ole Erik Thingnes:

Dersom ein går for løysing med hengebru, tek ein vekk siste setning i andre avsnitt i tilrådinga:
«*fundament for pillarar skal senkast i elvebotnen og gjevast god hydraulisk utforming*».

AVRØYSTING

Avrøysting 1:

Framlegg 1 frå SV v/ Ole Erik Thingnes:

Vedtak med 19 mot 1 røyst.

Avrøysting 2:

Framlegg 2 frå SV v/ Ole Erik Thingnes

Framlegget fall med 19 røyster mot og 1 røyst for

Avrøysting 3.:

Tilråding frå rådmann:

Vedteken med 18 røyster og 2 røyster imot.

Etter dette har Kommunestyret gjort fylgjande

VEDTAK:

Kommunestyret har i samsvar med kommunelova §39a, vurdert innbyggjarinitiativet sitt krav om å legge vekk planane for ny gang- og sykkelvegbru over nausta i sentrum og starte arbeidet for ei gangbru langs eksisterande rv 5 bru. Kommunestyret syner til konsekvensutgreiinga og rådmannen sine vurderingar som seier at ny gangbru over Nausta i sentrum samla sett er den beste løysinga for mjuke trafikantar og avviser difor kravet i innbyggjarinitiativet.

Kommunestyret godkjenner reguleringsplan for ny gang og sykkelvegbru over Nausta i sentrum i medhald av plan og bygningslova § 12-12, med plankart og føresegner datert 18/10, planomtale med konsekvensutgreiing og ROS analyse datert 29/10 og forprosjekt datert 20/10, med følgjande tillegg til føresegner: *«fundament for pillarar skal senkast i elvebotnen og gjevast god hydraulisk utforming».*

Kommunestyret godkjenner at hengebrua vert valt til det vidare arbeidet med realisering av prosjektet.

Plassering for ilandstiging på vestsida. Her må vi harmonisere løysing for mjuke trafikantar si kryssing av Bervellevegen, "kyss og køyr sone" og andre trafikantar på denne vegen. Biltrafikk og vareleveransar bør gå uhindra, og utan sjenanse for mjuke trafikantar

PROTOKOLLTILFØRSEL frå Ole Erik Thingnes

Protokoll tilførsel til sak 15/14

Representanten frå SV vart teke på senga i avstemming som gjaldt andre del av forslaget frå undertekna. Grunna måten avstemminga vart gjort på, der representanten trudde han stemde for forslaget, men som seinare viste seg at han stemde mot forslaget. Representanten stemde som konsekvens av at forslaget fall, imot totaliteten i saka.

